



## Skjøtselsplan

### For prestegardshagen i Vågå

#### Innhald

1. Innleiing:.....	2
2. Ansvarsroller og generelle retningslinjer:.....	3
3. Generelle skjøtselsbeskrivingar:.....	3
3.1 Skjøtsel av plen:.....	3
3.2 Skjøtsel av stauder:.....	3
3.3 Skjøtsel av utplantingsplantar:.....	3
3.4 Skjøtsel av roser: .....	4
3.5 Skjøtsel av fjellhagen: .....	4
3.6 Skjøtsel av urtehagen.....	4
3.7 Skjøtsel av busker og spirealysthus:.....	5
3.8 Skjøtsel av tre:.....	5
3.9 Skjøtsel av frukttre:.....	5
3.10 Gjødsling:.....	5
3.11 Skjøtsel av grusgangar: .....	5
3.12 Kompost:.....	5
4 Drift av utstyr, installasjonar og konstruksjonar.....	6
4 Hovudettersyn vår og haust:.....	7
5 Dugnadsgjengen.....	8
6 HANDLINGSPLAN FOR 2019.....	9

1 Skjøtselsplan for prestegardshagen i Ullinsvin – ført i penn av Unn Bostad mai 2018, og oppdatert av Kari Hølmo Holen for 2019.

## 1. Innleiing:

Prestegarden i Vågå er ein av dei eldste prestegardane i landet, ein kultstad frå før-kristen tid med namn etter guden Ullin. Alle husa på prestegarden er freda og historielaget står som eigar av både hus og hage.

Hovedhuset er frå 1713. Prestar frå familiane Storm og Munch hadde sete på prestegarden i Vågå i 80 år – frå 1745 til 1825, og det vil seie at både tippoldeforeldra, oldeforeldra og bestefar til Edvard Munch, hadde Ullinsvin som sin heimeplass og budde i same hovedhus som det som står der i dag. Det same gjeld for Ole Bull- vår verdskjente fiolinist. Bestemor til Ole Bull- Gidsken- var syster til Edvard Storm og halvsyster til oldemor til Edvard Munch.

Prestegardshagane var meir enn andre hagar, utsett for skiftande motar. Prestane skifta ofte embete, og det hørde med for ein prest og tileigne seg ny kunnskap, også innan hagekultur. Prestegardane var ofte dei viktigaste knutepunktane for kulturelle strømingar og prestane i bygda henta inn arkitektoniske impulsar til både bygningar og gardsanlegg. Ein prestegardshage er derfor spesielt viktig å ta vare på og den viser oss, og bør vise oss, at kulturminnekvalitetar ligg vel så mykje i eit heilheitleg miljø, som i den enkelte del.

Skjøtselsplanen for prestegardshagen skal gje ”fagleg detaljert” kunnskap, struktur, motivasjon og hjelp på ein slik måte at formålet med hagen blir ivareteke. Skjøtselsplanen er utarbeidd etter føringar i Forvaltningslova.

Skjøtselplanen vil og beskrive ekstraordinær skjøtsel, det vil si skjøtsel som kan vera nødvendig for å heve kulturminnekvalitetane og standarden på hagen som heilheit.

Formålet med å gjenskape prestegardshagen i Vågå er å finne fram kulturverdiar som har vore skapt av forskjellige prestefamiliar gjennom fleire hundre år og at denne unike kulturhistoria skal kunne formidlast vidare inn i framtida.

Formålet er å vise at gamle hagar er levande kulturminne- kulturminne som kan gje glede og inspirasjon til den enkelte av oss i dag.

Skjøtselsplanen er detaljplanar som beskriv og gjev rettleiing om korleis den periodiske pleia skal gjennomførast for at formålet skal bli teke vare på – og formålet er : At prestegardshagen i Ullinsvin skal bli teke vare på, på ein måte som gjer at den enkelte av oss er STOLTE over å kunne formidle dette kulturminnet til alle gjestane som kjem til gards.

Prestegardshagen blir meire nytta og besøkt enn vi nokon gong kunne tenkt oss. Formidling av historie, tidsepokar, botanikk, ”kvinnesak”, bruk av urter til mat og medisin, står i høgsetet kvar dag sommaren igjennom. Og ikkje minst formidling av Edvard Munch som kunstnar og hans sterke tilknytning til Vågå og bygda.

## 2. Ansvarsroller og generelle retningslinjer:

Heile tunet blir teke vare på av Vågå historielag. Dei har teke på seg ansvaret med å halde det pent på tunet- både med jamleg klypping og med å halde ugraset borte rundt alle husa på tunet. Gjestene som kjem på besøk skal sjå ei heilheit i tun og hage- alt skal vera like vakkert!

Hagelaget under Vågå historielag har ansvar for vanleg skjøtsel og vedlikehald. Hagelaget knyter til seg nødvendig kompetanse, der det er bruk for det, til dømes ved beskæring og skjøtsel av busker og tre. Viss det er ønskje om å fjerne tre må det drøftast og bli avgjort i hagegruppa saman med leiaren og eller ein fagmann. I utgangspunktet er det ikkje lov å fjerne korkje opprinnelege tre eller buskbeplantingar, konstruksjonar som murar, trapper eller fast utstyr som utebord, utebenkar, flaggstang eller andre ting som vil kunne endre prestegardshagen sin karakter.

Hagelaget har ansvar for dei to bedda ved hovuddørene. Hagelaget har og ansvar for at det blir planta i grytene på tunet, samt halde dei ved like med vatn.

## 3. Generelle skjøtelsbeskrivingar:

### 3.1 Skjøtsel av plen:

Skjøtsel av plen omfattar klypping av plen, gjødsling, fjerning av avfall og lauv.

- Ugras skal ikkje prege heilheitsinntrykket.
- Roboten blir teke vare på av Ivar Svare.( Ottadalen mølle tlf.61237072)
- NB: HUGS leidninga til klypparroboten - den må ikkje kuttast av – den kan vera litt vanskeleg å sjå!!!

### 3.2 Skjøtsel av stauder:

Omfattar staudebed og frittstående stauder.

- Staudebed og frittstående stauder som er å finne elles i hagen skal haldast ugrasfritt så godt det lar seg gjera.
- Daude blomster skal takast burt etter kvart, slik at det ser pent ut.
- Kantlinene i staudebeda skal ha mest mogleg rette liner.
- Deling og omplanting av staudene skal utførast etter behov.

### 3.3 Skjøtsel av utplantingsplantar:

Omfattar skjøtsel av utplantingsplantar vår, sommar og haust.

Driftsseqong: Vårblomster og Sommarblomster:

- Urnene på verandaen: Dronning Ingrid.
- Urnene ved lysthuset: Kvite store Margerittar eller Dronning Ingrid.
- På steinborda: Stort sett Begonia. Alle urnene bør i stor grad bli tømte om hausten, for å vera klare til neste sommar.

### 3.4 Skjøtsel av roser:

Omfattar skjøtsel av alle historiske roser og klatreroser. Alle roser frå før 1867 vert kalla historiske roser.

- Lite eller ingen beskjæring av historiske roser om våren – berre gamle knoppar og heilt tørre/døde greiner og evt. ” smårusk”
- Beskjær historiske roser ”litt” om hausten etter blomstring. Gamle greiner kan klyppast ned. Historiske roser skal ha lite gjødsel!
- Hald rosene ugrasfrie.
- Visne roser skal klyppast bort etter kvart!!

### 3.5 Skjøtsel av fjellhagen:

Fjellhagen er først og fremst ein vårhage, men det vil alltid vera nokre plantar som står i blomst heile sommaren. Dei fleste blomane som ein finn i fjellhagen er fleirårige. Resvolljentene sin fjellhage treng ekstra omsorg og ekstra forsiktighet ved stell; OBS!

Skjøtsel av fjellhagen krev:

- Minst mogleg ugras rundt steinane
- Flytting, omplanting og deling av staudene/ fjellblomstene når det er behov.
- Yndlingsblomane til Thekla og Hanna Resvoll var: Fjelldronning eller Vianvang, Mogop eller Geitblome, Maiblome, Ranunculus eller Issoleie. Dei 4 -5 plantene er ekstra sårbare og veldig vanskelege å få til å vekse. Det betyr mykje at vi lar dei få stå i fred og at vi greier å få dei fram. Vi må greie å få til eit vakkert Resvollbed - til minne om desse to flotte jentene.

### 3.6 Skjøtsel av urtehagen



Urtehagen i prestgardshagen er heilt spesiell. Den inneheld omtrent alle urtene som oldemor Christine Storm Munch hadde i sin hage på slutten av 1700-talet, og som ho brukte både til å lege ”kranke legemer” og til og gjera maten velsmakande.

Den er forma som urtehagane var på den tida – i geometriske bed - og er ein renessanse-urtehage.

4Skjøtselsplan for prestegardshagen i Ullinsvin – ført i penn av Unn Bostad mai 2018, og oppdatert av Kari Hølmo Holen for 2019.

Skjøtsel av urtehagen omfattar alt som er innafor alperipshekken:

- Urtene skal ha ein jamn og sunn vekst heile sesongen.
- Det skal vera så ugrasfritt som mogleg, og grusgangane rundt skal vera rette og ugrasfrie.
- Deling av urtene skal skje slik at dei ikkje veks inn i kvarandre - etter behov.
- Kantane skal følge kantjerna.
- Urtene skal klyppast ned om hausten.
- Dette skal vera ein urtehage og ikkje ein grønsakhage.

### **3.7 Skjøtsel av busker og spirealysthus:**

Omfattar skjøtsel av alle busker, frittstående og krypande busker og alle hekkplantene.

- Beskjæring som er tilpassa den enkelte art.
- Minst muleg ugras under/rundt hekkane.
- Vatne ved behov.

### **3.8 Skjøtsel av tre:**

Omfattar skjøtsel av rogn og bjørk.

- Det skal plantast fleire rognebærtre inn mot Kastbuberget etter kvart. Tidlegare var det nesten berre rognebærtre her. Vi har funne rognebærtre bak låven og dei har likt seg godt!
- Bjørka ved informasjonstavla er fjerna i vår, da den tok for mykje næring frå rosebedet.

### **3.9 Skjøtsel av frukttre:**

Omfattar kirsebærtre:

Kirsebærtrea er avleggjarar frå mortreet ved grinda. Dei er nyplanta og treng god jord og godt med vatn. Dei står på ein litt tørr plass! Vi er glade for at vi har fått dei fram.

- Surkirsebærtreet mot Kastbuberget bak spirealysthuset er ei gåve vi fekk i 2017 frå ”anonyme” kvinner i Vågå (+ kr.20000)

### **3.10 Gjødsling:**

Omfattar bruk av gjødsling.

- Bruk minst muleg kunstgjødsling! Det skal helst ikkje brukast i ein historisk hage.
- Saumøkk eller anna møkk kan blandast med vanleg jord og nyttast etter skjønn.
- Alle urnene treng rikeleg med næring – gjødsling og vatn!

### **3.11 Skjøtsel av grusgangar:**

Omfattar grusgangane.

- Grusgangane skal haldast ugrasfritt og dei skal ha mest muleg rette kantar.
- Ta dei etter skjønn- eit par /tre gonger om sommaren.
- Pass på leidninga til klypparen.
- Ved behov må en ha på meir grus, og dette blir gjort i 2019.

### **3.12 Kompost:**

I 2018 kom kompostavdeling på plass bak kjellarinngangen for hovudbygningen. Her blir lauv og planterestar lagt i haug, og plassert av kompostansvarleg til kvar tid.

## **4 Drift av utstyr, installasjonar og konstruksjonar.**

Omfattar ettersyn av utstyr, installasjonar og konstruksjonar.

### **4.1 Utstyr:**

- Hagegruppa disponerer vognskjulet samt skålen til forpaktarbustaden til lagring av utstyr, i tillegg til at vatningsvognene er vinterlagra i kjellaren i hovudbygningen. Vognskjulet har gammaldags trelås, skålen har hengelås med kodeskap ved sida.
- Brosjyrer er lagra i 2. etg i hovudbygningen.
- Hageslangar, benkar og bord etc. er vinterlagra i vognskjulet.
- River, bøtter og anna hageredskap er lagra i skålen.
- Skilt blir vinterlagra i skålen.
- Det blir i 2019 laga ei oversikt over utstyr som hagegruppa eig og disponerer.

### **4.3 Skulpturar**

Omfattar skulpturar i hagen.

- Skulpturane må sjekkast for skader og reingjerast ved behov. Tørk forsiktig med ein litt fuktig klut! Hald graset borte under bysta.
- Edvard Munch i bronse. Skulptør: Jo Visdal -1886- Unn og Birger Bostad fekk låne originalen av barnebarnet til Jo Visdal og fekk støypt den i bronse og laga sokkel. Bysta er ei gåve til Vågå kommune frå Unn og Birger Bostad.
- Ole Bull - byste vil bli sett opp under landskappleiken i juni, og er også ei gåve frå Unn og Birger Bostad.

### **4.3 Skilt**

Omfattar informasjonstavlene og planteskilt.

#### **4.3.1 Informasjonstavlene**

- Informasjonstavle ved inngangen
- Informasjonstavle om Vågåjentene i fjellhagen.
- Informasjonstavle om oldemor Christine Storm Munch ved urtehagen.

Tavlene skal sjekkast for skader og reingjerast ved behov. Forny ved behov. Tørk forsiktig med litt fuktig klut.

#### **4.3.2 Planteskilt**

Dei fleste staudene, rosene og urtene er namna med skilt.

- Staudene (dei fleste) har kvite trykte skilt. Latinnamna må stå på. Desse må bestillast (Arba Inkludering ved Diann Beauseigneur tlf. 46975705). Diann har malen.
- Rosene og fjellhagen har svarte skilt. Desse skal skrivast på med kvit tusj og lakkerast over. (Skilta vert laga på Ila sikringsanstalt- verkstedet- ring direkte til Ila sikringsanstalt for bestilling)
- Urtene er namna med treskilt skrive for hand. ( treskilta er laga i Danmark- Unn har lager av dette.

### **4.4. Steinbord:**

Plassering: I spirealysthuset og ved ”sjasminplassen”

Sjekking av skader. Vasking av plata ved behov.

6Skjøtselsplan for prestegardshagen i Ullinsvin – ført i penn av Unn Bostad mai 2018, og oppdatert av Kari Hølmo Holen for 2019.

#### **4.5 Benkar**

**Plassering:** På verandaen, ved frokostplassen mot Kastbuberget, nedanfor rosebedet, i spirealysthuset, i urtehagen og på tunet mot hagen.

**Omfattar:** Inn og utkjøring frå lager vår og haust. Vedlikehald som reparasjonar og maling.

**Reingjering** ved behov.

**Skraping og maling** ved behov.

- **Linoljemåling** på benkane i urtehagen og inni spirealysthuset samt alle benkane på tunet- også dei ved inngangsdørene.
- **Vanleg oljemåling** på dei to benkane ved sjasminplassen mot Kastbua. (Unn- veit målingsnr og merke – blir notert).

#### **4.6 Steinmur mellom hovedhus og Kastbuberget:**

Denne muren vart bygd opp av Peder Munch (mannen til oldemor Christine). Dei var prestefolk i Vågå frå 1776 til 1786. Muren har ikkje vorte stelt på inntil nå. Den er sårbar for lause steinar.

**Skjøtsel:** ugrasfritt. Kan evt. ha litt timian mellom steinane oppå. Prøv å hald muren fin- nå er det for mykje som sleng oppå den!

#### **4.7 Steintrapp frå hagen opp til tunet:**

Trappa vart restaurert i 2018. Trappa opp til tunet er eit syn når den er velstelt. Den er dekt av timian og lukta er heilt bedøvande.

**Skjøtsel:** Hald trappa ugrasfritt. Det er ikkje lett å halde kantane fine, valmuene er utruleg villige og vakre. MEN det kan bli for mykje av dei. Bruk litt skjønn og ver varsom!

#### **4.8 Gjerdet rundt prestegardshagen:**

Presten Johan Storm (far til Christine, Edvard og Gidsken) sette opp gjerde rundt hagen i si tid som prest i Vågå 1745-1776. Gjerdet vart nemnt som ”stakall- gjerde” eller ”stakall-verk”. Dette gjerde stod slik til 1970-80 åra.

Det er nå delvis bygd opp igjen etter same ”mønster”, berre litt lågare. Grankvistar er sagd ned i Valbjørskogen og kjørt ned til prestegarden. Arbeidet er ikkje fullført.

**Skjøtsel:** Sjå etter at gjerde er heilt og at ”flettinga” er slik det skal vera. Det har vorte litt for mykje glipp fleire stadar!

## **4 Hovudettersyn vår og haust:**

### **5.1 Grinda ved lysthuset :**

Denne er sett opp ny i 2015 av Tor Brun etter gamal modell.

**Skjøtsel:** Sjå etter at den kan lukkast og opnast greit. At den ser pen ut!

### **5.2 Flaggstong:**

Reparasjon og maling ved behov. Flaggstonga vart teke ned i 2012 – pussa og måla med 2 strøk kvit linoljemåling.

### **5.3 Lysthuset frå 1810:**

Lysthuset er eit klenodium og må takast vare på. Veldig mange vil sjå inn og ALLE set pris på diktet på døra. Her er det verkeleg eit kulturminne!!!Taket er nytt, men er ikkje tett .

- Ikkje legg ting der som døkk er redde for – kan bli vått.
- Vask rundt i lysthuset til sommarsesongen og hald det pent!!
- Lysthuset skal bli teke med ved restaurering av hovudhuset- så Jon Brønne, arkitekten, vil vurdere dette..

### **5.4 Sjøppelsekker**

7Skjøtelsplan for prestegardshagen i Ullinsvin – ført i penn av Unn Bostad mai 2018, og oppdatert av Kari Hølmo Holen for 2019.

Søppelsekker i stativet ved grinden skal tømast og etterfyllast med sekk ved behov. Førebels er det vårt ansvar. Vi må prøve å få ei betre ordning etter kvart.

### **5.5 Vatningsanlegg**

Vatningsanlegget består av slange oppå bakken kopla til i vaskekjellaren, samt utekran ved forpaktarbustaden.

- Hugs å skru av vatn om kvelden.
- Hugs på å stenge av før frost om hausten.

### **5.6 Plenklyppar:**

Roboten blir teke vare på av Ivar Svare. Han er og den som blir ringt direkte til når klypparen set seg fast. Det er likevel fint om den enkelte kan sette klypparen på plassen sin, så blir det ikkje så mange turar for Ivar!

Hugs på å sjå etter ledninga til klypparen, så den ikkje blir skada når vi spar i beda. Den er gravd litt ned i jorda og er vanskeleg å sjå!

## **5 Dugnadsgjengen**

Dugnadsgjengen i prestegardshagen består nå av ca 20 dyktige kvinner og 3 karar.

- Det er lagt opp til turnus med skift kvar fjerde veke, med 4 gruppeleiarar, som har særleg ansvar for kvar sine område i tillegg til felles ansvar for heile hagen.
- Det er lagt opp til dugnad vår og haust, samt eventuelt ved behov.
- Det er lagt opp til felles møte vår og haust med litt servering og drøfting av vidare arbeid.
- For sesongen 2019 er det planlagt ein tur for å besøkje hagelaget ved Ringebu prestegard.
- I 2018 kom eige kompostavdeling på plass bak kjellarinngangen for hovudbygningen.
- Det blir skriva årsmelding for arbeidet i hagen.
- Prestgardshagen er på sosiale media – nyttar Facebook under namnet Prestgardshågein.
- Heimeside er planlagt, men ikkje på plass.
- I 2018 oppretta vi VIPPS under historielaget med eigen konto – Prestgards-Hågein nr. 520188.

**Skjøtselsplanen vil bli justert 1 gong i året. ( Dette er fjerde gongen det er laga ein skjøtselsplan for prestgradshagen i Vågå. Skjøtselsplan er eit” krav” for ein historisk hage).**

**Planen er ført i penn av Unn Bostad mai 2018, og er oppdatert av Kari Hølmo Holen, leiar av hagegruppa for 2019. Nytt punkt om kompost er tatt inn, nokre namn er fjerna og det er lagt inn handlingsplan.\_**



## 6 HANDLINGSPLAN FOR 2019

	Tiltak	Ansvar	Tid	Utført
6.1	Lage oppsett for ansvarsfordeling 2019	K/L/M	April	
6.2	Få fjerna bjørk ved plakattavle	K	April	
6.3	Vårmøte/planlegging	K/L/M	April	
6.4	Oppdatere skjøtselsplanen	K	Mai	
6.5	Vårdugnad	Alle	2. mai	
6.6	Rydde skåle til forpaktarbustad for lager av mindre hageutstyr	J	2. mai	
6.7	Påfyll av grus i grusgangane	K	Juni	
6.8	Stell og vedlikehald i hagen	Alle	Mai - oktober	
6.9	Bestille benker og bord av gåvemidler	L/K	Mai/juni	
6.10	Ny rose – til minne - Anne	M	Juni	
6.11	Tur til Ringebu prestegard	K	August	
6.12	Haustdugnad	Alle	September	
6.13	Haustmøte/sosial/informasjon	K/L/M	Oktober	
6.14	Informasjon via Facebook	K	Ved behov	
6.15	Informasjon via media	K/L/M	Ved aktuelle saker	
6.16	Vurdere heimeside	K/L/M	I løpet av året	
6.17	Få på plass oversikt over utstyr	K/L/M/J	Mai/juni	

K – Kari Hølmo Holen

L – Live Hosar

M – Magnhild Råstad

J – Jens Hagen